Uskedeling sentral i showbiz

18.04.2015

–Showbiz er ein fin bransje

Tore Sergei Myklebust har bygd karriere av å stå på scena. No bruker han sceneerfaringa til å leira opp andre talent, og sikreddansar show for tv og scene.

Uskedelingen Tore Sergei Myklebust err sentral i showbiz, ikkje berre her i landet men i heile Norden. MGP var den samme laurdagen i Sverige som her og då hadde Tore Sergeis firma Starworks ansvaret for opningsnummer, pausenummer og det redaksjonelle innhaldet i kommentarane til programleiarane.

Fredag hadde Kvinnheringen ei dobbbeltside om uskedelingen som karakteriserar bransjen som fin og liten der ein etter kvart vert kjent med dei fleste. Firmaet, som han driv saman med Mathias Carlsson, har bygd opp eit bra kontaktforum og jobbar breitt innan tv, musikalar og events over heile Skandinavia. No har dei eit luksusproblem - dei kan gjera det dei har tid og lyst til. Men det er mykje overtid.

Og dei har mange ballar i lufta på ein gong.
Dei tilbyr mellom anna Starworkers, eit ferdig show som frilansartistar øver inn for fima og liknande. Dei harogså teke over drifta av H3Arena på Fornebu der blant anna Stjernekamp vert spela inn.
Avisa spør om han er mykje i Uskedalen, men svaret er 'litt for lite'. Men faren (Sigurd, red,anm)
har vore en del i Oslo og reist med firmaet. No jobbar Tore Sergei med eit nytt sommarshow i Halden og eit nytt underhaldningskonsept for bransjefolk der mange kjende har vore med før.

Han bur på Røa i Oslo med sambuar og hund.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen